



Cato Kolås Moldøyen  
Spiki 43  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3604 - 16/33685

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
08.12.2016

## Løyve til oppføring av carport - gbnr 108/584 Lindås

### **Administrativt vedtak. Saknr: 587/16**

**Tiltakshavar:** Cato Kolås Moldøyen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4.

### Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om oppføring av carport med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 28m<sup>2</sup>.  
Utnyttingsgrad er opplyst til 37,75% BYA. Det vert elles vist til søknad motteken 05.12.2016.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 05.12.2016 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato 05.12.2016.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kolås 3 er definert til bustadar.  
Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 40% BYA.

### Dispensasjon.

Lindås kommune v/Teknisk drift har 01.12.2016 gjeve dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på vilkår (sjå eige vedtak).

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 09.04.2014, motteken 05.12.2016.  
Minsteavstand til nabogrense er oppgitt til 0,5 meter. Eigar av gbnr 108/577 har gjeve samtykke til nærare plassering enn 4 meter i samtykke datert 13.10.2016.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av carport på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 05.12.2016. med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3604

### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Tiltaket må takast i bruk før ferdigattest ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakar:**

Cato Kolås Moldøen

Spiki 43

5955

LINDÅS

